

LANDS Hovden i Setesdal

KAPPLEIKEN

24.-28. juni 2026

Kjøpsvilkår og retningslinjer

Landskappleiken på Hovden i Setesdal 2026

NB! Ved bestilling i nettbutikken til Landskappleiken 2026 stadfestar du at du har lese og akseptert desse vilkåra.

Arrangør

Landskappleiken i Setesdal 2026
ved Setesdal Spelemannslag
Organisasjonsnummer: 996 793 281

Arrangementet vert drive av ein frivillig organisasjon.

Kva kan kjøpast på nettsida:

- Plass for telt, campingvogn eller bubil på kappleikscampingen
- Overnatting i klasserom
- Billetter til tevlingar og konsertar

Éin billett i systemet svarar til éin plass eller éin billett slik det går fram ved bestilling. Betaling skjer når ein bestiller. Ein kan velge mellom å betale med Vipps eller kort.

GENERELLE VILKÅR

Avlysing og endringar

Arrangøren tek atterhald om endringar i program, tidspunkt, arena og deltakarar.

- Dersom heile arrangementet vert avlyst, vert kjøpesummen refundert.
- Ved avlysning av enkeltkonsertar, vert kjøpesummen til gjeldande konsert refundert.
- Ved endringar i tevlingsprogrammet, flytting av konsertar, endringar av tidspunkt eller andre programendringar vert kjøpesummen **ikkje refundert**.

Force majeure

Dersom arrangementet må avlysast eller avgrensast på grunn av forhold utanfor arrangøren sin kontroll (til dømes ekstremvær, offentlege pålegg eller andre uventa hendingar), kan arrangementet avlysast utan ytterlegare erstatningsansvar.

Ansvar

Deltaking skjer på eige ansvar. Arrangøren har ikkje ansvar for tap, skade eller tjuveri av personlege eigedelar på campingområdet, i klasserom eller på arrangementet sitt område.

Deltakar pliktar å rette seg etter pålegg frå arrangør, vakter og offentlege styresmakter.

Brot på reglar

Brot på ordensreglar eller norsk lov kan føre til bortvising utan rett til refusjon.

Angrerett

Det er generelt ikkje angrerett på kjøp av billetter eller overnatting i samband med arrangement på fast dato, jf. angrerettlova § 22 m. Sjå reglar for avbestilling som følger.

Avbestilling og refusjon

1. Overnatting på kappleikscampingen eller klasserom:

- Frist for avbestilling med rett til refusjon er 14 dagar før arrangementet startar.
- Ved avbestilling vert det trekt kr 100 per plass i administrasjonsgebyr for kappleikscampingen og 50 kr per plass for klasseromsovernatting.
- Avbestilling etter fristen krev legeerklæring for refusjon. Legeerklæring må gjelde den personen bestillinga omfattar.

2. Billetter til konsertar og tevlingar

Kjøpte billetter vert **ikkje** refundert, med mindre heile arrangementet eller ein einskild konsert vert **heilt avlyst**.

Personvern

Personopplysningar i samband med bestilling vert behandla i samsvar med gjeldande regelverk. Sjå eiga personvernerklæring på nettsida www.landskappleiken.no

Lovval

Kjøpsvilkåra vert regulerte av norsk rett. Eventuelle tvistar skal handsamast ved norske domstolar.

KLASSEROMSOVERNATTING

Overnatting skjer på Fjellgardane skule som er tett ved kappleiksarenaen.

- Klasseromma er opne frå onsdag til sundag under arrangementet.
- Éin billett = éin plass.
- Tidsrom for innsjekk og utsjekk vert opplyst på landskappleiken.no før arrangementet.

Pris for overnatting i klasserom

Over 12 år: kr 1000,-

6–12 år: kr 500,-

Under 6 år: gratis

Born og ansvar

- For born under 12 år skal det vere minst éin ansvarleg vaksen per fem born.
- Den vaksne må vere registrert på same bestilling og ha ansvar for borna under opphaldet.

Ordensreglar

- Det skal vere ro i klasseromma etter kl. 23.00.
- Berre personar med gyldig klasseromsbillett kan opphalde seg i klasseromma etter kl. 23.00 på grunn av brannreglar og sikkerheit.
- Røyking og open eld er ikkje tillate.

Det blir ambulerande nattevakter på skulen og alle campingplassane.

Kontaktperson klasseromsovernatting:

Jennifer Sinfield

E-post: jennifer@landskappleiken.no

Tlf: 488 96 992

KAPPELEIKSCAMPING

- Éin bestilt plass = éin bestemt oppmerkt plass
- Det er ikkje mogleg å bytte plass ved ankomst.
- Plassane skal nyttast slik det vert opplyst om ved ankomst.
- Arrangøren tek atterhald om at det kan skje endringar i plasseringane av campingplassane dersom noko uventa skulle skje.

Pris for plassar på kappeleikscampingen

Plass for bubil/campingvogn kr 2400,-

Plass for telt kr 1300,-

Aldersgrense

Aldersgrense for bestilling av camping- og bubilplass er 18 år.

Det skal vere minst éin person over 18 år knytt til kvar plass som har ansvar for køyretøyet.

Opningstid

Kappleikscampingen opnar tysdag kl. 18.00 og stenger søndag kl. 16.00.

Parkering

- Det er tillate med éin bil per campingplass.
- På teltplassane kan det vere at bilar får felles parkering, det kan bety at du ikkje kan rekne med å ha bilen rett attmed teltet ditt.
- Andre bilar har ikkje tilgang til campingområdet.

Tryggleik

- Avstand mellom einingar skal vere minimum 4 meter.
- Open eld og grilling er ikkje tillate.
- Sjekk at brannsløkkingsutstyr, gassvarslarar og røykvarslara er i orden før du kjem. (kontroll ved innsjekk eller ved stikk-prøver).
- Straum: Deltakar pliktar å nytte godkjent utstyr, arrangøren tek ikkje ansvar for skade på utstyr som følgje av feil bruk eller overbelastning.

Det blir ambulerande nattevakter på skulen og alle campingplassane.

Fasilitetar

- Straum er tilgjengeleg og inkludert i prisen
- Vatn er tilgjengeleg fleire stader på campingområda
- Dusj- og toalettfasilitetar ved opplyste område

Kontaktperson kappleikscamping:

Torvald Gautland

torvald@landskappleiken.no

Er på treffe på tlf 900 79 898 mellom kl 07.00 – 21.00

Vaktelefon

Vakttelefon for konkrete henvendinger på kappleiken vert publisert på landskappleiken.no før arrangementet.

Kontaktinformasjon til leiar av Landskappleiken 2026:

Knut Erik Jordstøyl

Leiar av hovudkomiteen

E-post: knuterik@landskappleiken.no

Tlf: 913 79 157

